

Agnes Ravatn
essay frå samlinga *Stillstand*

KJØTKVERNA

Markedet i Haugesund: Mitt første kjøpesenter! Her skjedde alt som var avgjerande for kva for eit menneske eg skulle bli: Her kjøpte eg min første CD (Absolute Music 8), mi første bok til fullpris (Mord på Orientekspresen), og her åt eg min første hamburger (frå Burger King). Kven ville eg vore i dag, utan Markedet? Tanken er svimlande.

Det ville nok vere løgn å påstå at folk ser direkte ulykkelege ut, her dei traskar sakte bortover i støvletter, boblekåper og skjerf som sleper etter bakken, men dei ser ikkje lykkelege ut heller. Ektemenn som hatar å handle, handlekraftige kvinner som hatar ektemennene sine, tyggistyggjande jenter i korte, kvite boblejakkar og høge hælær. Hundre tusen barnevogner, skrapeloddsrapande pensjonistar. Mennesket i all sine livsfasar. Variasjonen av butikkar er den same på alle kjøpesenter: daglegvare, eit utal klesbutikkar, elektronikk/dataspelbutikk, fotobutikk, parfymeri, blomebutikk, bokhandel, musikkbutikk, frisør. Som om det ikkje er risikabelt nok å gå til frisør i utgangspunktet, skal ein sitje i eit utstillingsvindu medan hundre menneske passerer i minuttet. Det er galematias. På Rimi: Ein mann køyrer rundt i motoriisert rullestol som eit svin. Då han kjem til kassa, hoppar han elegant ut av rullestolen og legg varene på bandet: kanskje femti firpakningar med meisebollar.

Av alle verdas stader er det kjøpesenteret som i størst grad får meg til å hugse min eigen overgang frå barn til ung vaksen. Brått å skulle ha ansvar for å kjøpe sine egne klede og dermed bestemme sin eigen lagnad, til dømes. Av faste uttrykk er «klær skaper folk» det som har mest for seg. Eg gjekk rundt i dei sjukaste kreasjonar, heilt stiv i fjeset, og prøvde å opptre nonchalant og utvise stor sjølvkontroll, som ein vits eg ikkje skjøna sjølv, men som alle andre lo av. Metaforisk, altså, men likevel. Når eg tenkjer meg om, trur eg foreldra mine var meir flau over meg enn andre vegen.

Sidan ungdomstida berre består av gruppepress, prikkedød og skam: Eit skrekkeleg møte med skam fann stad her på dette kjøpesenteret. Ekte merkeklede var på den tida altfor dyrt – enno klarer eg ikkje å fatte og begripe korleis foreldra til dei andre hadde råd til å skjenkje sønene og døtrene sine merkeklede – og eg var dermed dømd til ei mindreverdige ungdomstid i simple Cubusklede – heilt til den dagen butikken «Lagersjefen» brått dukka opp i eit mørklagt hjørne av senteret: ein fattigmans motebutikk som selde ekte merkeklede med produksjonsfeil i varierende alvorsgrad, til sterkt nedsette prisar. Det blei eit vendepunkt i livet mitt. Her gjekk eg med bøygd hovud og kjøpte heilt idiotiske klede, enorme bukser og genserar, så lenge det var ekte Levis, spela det inga rolle for meg korleis klede såg ut. Ein dag på skulen blei eg konfrontert med ei spraglete og uformeleg Dieselbukse, som eg spankulerte rundt i skulegarden i, stolt som ei høne. «Kor har du kjøpt den bukse? På Lagersjefen?» spurde eit menneske eg aldri kjem til å tilgi. Eg blånekta, men alle kunne sjå at eg laug, og eg viste meg aldri meir med den bukse. Kva skulle eg no gjere? Slutte på skulen og få meg fast arbeid, for å greie å finansiere mine egne merkeklede utan produksjonsfeil? Den barndomen! Han var ikkje nådig. Like vanskeleg som å finne fram i ei NAF-bok, før ein har skjøna systemet.

Det mest magiske barndomsminnet mitt, som sjølv sagt óg fann stad på Markedet, er mi første reise med rulletrapp. Ingen som har teke rulletrapp, har ikkje straks, utopisk drøymande, overført denne ideen til fortaua. Men ein film eg blei eksponert for, øydela straks gleda – kan det ha vore *Who framed Roger Rabbit?* – ved at ein skurk blei drepen i ei rulletrapp, maltraktert som i ei kjøtkvern ved toppen av trappa.

Kvar ulykkelege familie er ulykkeleg på sin eigen måte, skreiv Tolstoj i ein lys augneblink, medan alle kjøpesenterkafear er glorete på same måte. Her skjemmes ein ikkje for å ta tretti kroner for ein kopp traktekaffi, og sytti kroner for ein klump med smør med litt brød under. Den magiske tiltrekkingskrafta kjøpesenter har på pensjonistar på føremiddagen, er interessant. Dei eig senterkafane. Vel unnt! Ved sida av meg sit ein stor og dominerande flokk pensjonistar. Kommunikasjonen går føre seg over fire bord. Det er svært sjarmerande korleis eldre menneske elsker søtsaker. Eg høyrer ei av dei kviskre håst og oppspilt: «Sjokolade med krem!», og resten av bordet nikkar drøymande. Dei snakkar om tekstmeldingar, og om cappuccino, som dei likar, og om caffè latte, som dei slett ikkje likar. Kan dei ikkje i staden snakke om den nært føreståande døden? Gå på bingo! Må dei absolutt prøve å henge med i verda? Kan dei ikkje berre gå tilbake til å vere gamle og avskorne frå det moderne samfunnet? Då var dei så søte og hjelpelause.

Ved eit anna nabobord sit to kvinner med aggressive trutmunnar og ti handleposar og snakkar om gryteretter, gasskomfyrar og protein. Bortanfor der: to jenter, ikkje meir enn tretten, med kvar sin softis. Dei diskuterer gutar, med særleg vekt på «Jokke» og «Andy», som har lang erfaring med å leggje vin. Jentene legg sigarettpakkane sine demonstrativt, men tilforlateleg, framfor seg på bordet. Det er fantastisk korleis ungdom spelar at det dei driv med, er det mest naturlege i verda. Den eine jenta arbeider i ein baguettebutikk og snakkar utrøyttelig om mais, som tydelegvis er eit vanskeleg handterleg baguette-materiale, medan den andre lyttar interessert, med ei empatisk mine. Ho fortel deretter om ein tidlegare valdeleg kjærast: «Han skrapa meg på armen med VISA-kortet sitt!» Verda er brutal. Då telefonen til den andre jenta ringjer, og ho høyrer at det er mor hennar, skjuler ho automatisk røykpakken inne i det utruleg lange genserermet sitt.

På kjøpesenteret lærer ungdomen først og fremst å røyke, stele og gjere seg attraktiv for det motsette, evt. same, kjønn. Butikktjuveri, ja – det kan eg vel like gjerne tilstå no, først som sist, at eg dreiv ein del med i min ungdom. Men til mitt forsvar kan eg seie at det var snakk om svært rasjonell steling, snusfornuftig vinningskriminalitet og slett ikkje for spenninga si skuld. Er det noko eg mislikar, så er det spenning. Til dømes stal eg ein gong ei praktisk lommebok, som ei slags oppmuntring til å skaffe eigen kapital i staden for å stele. Det er fælt å tenkje på korleis dei godtruande foreldra mine reagerer når dei les dette, men eg hadde ikkje stått fram på denne måten om det ikkje var for at mi eiga mor i sin barndom stal ei vakker lodbok hos den lokale kjøpmannen.

Dessverre blei eg aldri arrestert og stilt for retten, men eg skreiv mang ein angstfylt skulestil om jenter som blei tekne og fekk si straff, etter dristig nasking, for å ventilere ut min eigen skrekk, og med moralske sluttpoeng for å byggje opp ein etikk til personleg bruk.

Å gå i klesbutikk får fram det verste i meg, å stå og dulte borti stativ og andre kundar og trekkje ut plagg etter plagg: Er dette fint? Er dette fint? Eg anar ikkje! Dei siste åra har eg begynt berre å kjøpe det dyraste eg finn, som ein slags garanti for at det må vere bra ting. I min ungdoms vår gjekk eg rundt på dette kjøpesenteret konstant uroleg for å treffe hauge-sundsslektningane mine, dei alltid velklede, velstelte og sosialt intelligente tremenningane som eg såg på som svært verdsvane og elegante. Min bygdebakgrunn hadde alt då skapt eit solid mindreverdighetskompleks i meg.

Eg hugsar så altfor godt ein gong eg som tolvåring på vandring på Markedet brått fekk auga på meg sjølv i ein spegel, stivna momentant og utstøytte eit lite nøtteskrik: Så stygg! Eg hadde lyst til å drepe meg sjølv der og då. Viss det var slik det skulle vere, kunne dette livet umuleg nokon gong blir verdt å leve. Eg vurderte å dyppe meg sjølv i tjøre og rulle meg i fjør og småsprang deretter med bøygd nakke til bussen, i fortvila skam. Vel, vel, usikkerheit meg her og usikkerheit meg der. Det viktigaste er no at det er fred på jord, og at finanskrisa endeleg ser ut til å vere over.

Eg følgde ein gong for ikkje lenge sidan litt etter Siv Jensen på eit kjøpesenter, og ho framstod som like usikker som eg når ho såg på klede, og eg fekk ein sterk sympati for henne. Ho verka full av tvil og kompleks; dette seier eg ikkje for å utlevere henne, men for å nyansere bildet av henne som skråsikker og usårleg. Så til Siv Jensen, dersom du les dette: *Bra for deg at du ikke kjøpte den hvite drakten på VIC, for den kledde du ganske så dårlig!* Sjølv stod eg halvt skjult bak ei utstillingsdokka, svært nervøs.

Overfor dei som arbeider i klesbutikk, har eg også alltid kome til kort. Kvar minste antydning til kontakt er problematisk: «Hee ... nei, eg berre kikkar», svarer eg servilt, med ein dialekt som sjølv for meg brått verkar heilt uforståeleg, og endar så opp med å kjøpe noko, for å rettferdiggjere min eksistens. I staden for å prøve å etablere eit meir avslappa forhold til kjøpesenter har eg no berre slutta å gå dit. Eit samfunn der ein slepp å handle, det måtte vere ideelt. Eg kunne tenkje meg berre å slutte med det. I staden leggje vekk halvparten av alle kleda mine på eit loft, og når eg synest eg treng nye klede, kan eg berre hente noko ned frå loftet. Dette kjem eg til å starte med frå i dag av.